



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 06.06.2012  
**Møtetid:** 13:00 -  
**Møtestad:** Samnanger ungdomsskule

---

Av 10 medlemmer møtte 10, inkludert varamedlemmer.

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
-------------------------------------------

Rådmann Tone Ramsli Stabssjef Jan Erik Boge
------------------------------------------------

<b>Merknader:</b>
-------------------

Marit A. Aase orienterte om at det har vore nokre "innkøyringsproblem" knytt til innføringa av digitale løysingar for folkevalde. Problema gjeld mellom anna varsling av dei folkevalde når det vert lagt ut nye møtedokument i Folkevaldportalen. Det må arbeidast vidare med å få på plass gode rutinar, både i kommuneadministrasjonen og hos dei folkevalde.
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<u>Tariffoppgjeret 2012</u> Jan Erik Boge orienterte om tariffoppgjeret. Kommunen vil få det tilrådde forslaget til uravstemming.  <u>Sjukefråvær 1. kvartal 2012</u> Sjukefråværet i kommunen 1. kvartal 2012 var 8,2 prosent. Dette er same sjukefråvær som i 2011.
---------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Vedlegg i sak 006/12 - Revisjon av del II av lønspolitisk plan.
-----------------------------------	-----------------------------------------------------------------

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 08.06.2012

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
005/12	12/355	Faste saker	
006/12	12/69	Revisjon av del II av lønspolitisk plan	
007/12	12/313	Lærlingeordninga i Samnanger kommune	

**SAKNR. 005/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**06.06.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:  
Samrøystes vedtak.

**ADM-005/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 006/12**  
**REVISJON AV DEL II AV LØNSPOLITISK PLAN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til revidert del II av *Lønspolitisk plan for Samnanger kommune* vert vedteke.

**06.06.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal påpeika ein skrivefeil i vedlegget med oversikt over innkomne innspel/forslag. Det står der at Fagforbundet ønskjer å få inn regel om at tilsette som sjølv er omfatta av lønsforhandlingane skal delta på arbeidsgjevarsida i forhandlingane. Rett ordlyd skal vera at Fagforbundet ønskjer at tilsette som sjølv er omfatta av lønsforhandlingane ikkje skal delta på arbeidsgjevarsida i forhandlingane.

Jan Erik Boge orienterte om at Utdanningsforbundet ikkje hadde hatt høve til å koma med innspel i saka dei siste to vekene, grunna streiken i offentleg sektor. Toralf Enes opplyste i møtet at Utdanningsforbundet ikkje har andre innspel enn dei som er tekne med i sakspapira.

Brigt Olav Gåsdal spurte om lønstillegga i pkt. 7.3.5 også gjeld for verneombod. Tone Ramsli opplyste at tillegga berre gjeld for tillitsvalde i fagforeiningane.

I møtet vart det vidare diskusjon mellom anna om lønsnivået for sjukepleiarar i forhold til pedagogiske leiarar, samt kva lønstillegg som skal/ikkje skal takast av lokal forhandlingspott.

Det vart ikkje lagt fram andre framlegg til vedtak enn rådmannen sitt framlegg.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget vart vedteke mot 2 røyster.

**ADM-006/12 VEDTAK:**

Framlegget til revidert del II av *Lønspolitisk plan for Samnanger kommune* vert vedteke.

**SAKNR. 007/12**

**LÆRLINGEORDNINGA I SAMNANGER KOMMUNE**

**06.06.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Marit A. Aase bad kommuneadministrasjonen om å undersøkje kva praksis andre kommunar har når det gjeld eventuelt frikjøp av tid og/eller økonomisk kompensasjon til instruktørar for lærlingar.

Brigt Olav Gåsdaal la fram følgjande framlegg til vedtak:

*Kommunen skal framleis ha lærlingeplassar i dei faga me har i dag; helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar.*

*Det bør arbeidast for å finna ut om det er ordningar som kan gje betre tilskot når me får inn lærlingar med svak motivasjon og evner.*

*Det skal avklarast om kommunen skal opna for å ta inn ein TAF-elev i helsearbeidarfaget frå hausten 2012. Det må i så fall løyvast ekstra til dette.*

*Adm.utvalet meiner at oppretting av læreplassar i følgjande fag bør utgreiast: Helsesekretær og institusjonskokk. Evt. oppretting av fleire læreplassar vert ei løyvingssak som skal handsamast i kommunestyret.*

*Det må drøftast med dei tilsette om å avsetja tid til "instruktørane" for å arbeida med lærlingar.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ADM-007/12 VEDTAK:**

Kommunen skal framleis ha lærlingeplassar i dei faga me har i dag; helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar.

Det bør arbeidast for å finna ut om det er ordningar som kan gje betre tilskot når me får inn lærlingar med svak motivasjon og evner.

Det skal avklarast om kommunen skal opna for å ta inn ein TAF-elev i helsearbeidarfaget frå hausten 2012. Det må i så fall løyvast ekstra til dette.

Adm.utvalet meiner at oppretting av læreplassar i følgjande fag bør utgreiast: Helsesekretær og institusjonskokk. Evt. Oppretting av fleire læreplassar vert ei løyvingssak som skal handsamast i kommunestyret.

Det må drøftast med dei tilsette om å avsetja tid til "instruktørane" for å arbeida med lærlingar.